

# Hopen times

18. mai 2005 / Årgang 2 / Nr. 1 / Utgis av Hopen Telegrambyrå

## Hærverk på stasjonen

Ukjent besøk ved kaldt lageret



## Ny snøfres

Ein Honda Snowblower 1180i er i full drift ved Hopen Met. Stasjon



# 17. MAI PÅ HOPEN



17.mai: God oppslutning rundt nasjonaldagen på Hopen.

Øy

Side 2

Øy

Side 3

Øy

Side 4

Øy

Side 5

Baksida

Side 6

Vær

Side 6

## Stor 17.mai-feiring på Hopen

17.mai blei feira med dunder og brak på Hopen. Fullt program heile dagen, og god oppslutning på alle arrangement.

**Dagen** blei starta med flaggheis og salutt. Neste post var NRK1 sine 17.mai-sendingar frå resten av landet.

**Klokka 14.00** skulle 17.mai-toget starte. Start på heli-paden, vidare rundt husa på stasjonen og stopp kjøkentrappa. Der heldt ordførar på Hopen ein rørende tale med fokus på Unionsoppløysing og Frigjeringa i 1945. Ein anna ting han drog fram var det store engasjementet her på 17.mai. Spesielt med den tanke på fleirkulturelle bakgrunnen folk har her på Hopen.

**Etter** ein pause med god kake og større mengder kaffi var det tid for leikar. Heli-paden blei nytta som arena og det vart arrangert sekkeløp, løp med skei og egg og til slutt styltegang. Alt gjekk fredeleg for seg i olympisk ånd fram til siste deltakar skulle gå på stylter. Etter ca 1/2m knakk eine stylta. Hopen Times kjenne ikkje til om det var sabotasje eller andre årsaker, det var fleire teoriar som blei lansert.



**Taler.** Ordførar Erik Saue held ein tale som kunne vekke dei fleste.



**Fulltallig.** 100% av innbyggjarane på plass under 17.mai-feiring på Hopen

**Alt i alt** var alle Hopen Times snakka med godt nøgd med dagen. Det heile blei avslutta middag på stadens beste restaurant, og for dei som ynskte det var det også høve til ein svingom. Hopen korps, med blokkfløytesolist Erik Saue i spissen, som også sto for musikken i toget og under nasjonalsangen, spela opp til dans i dansesalen like ved restauranten.

## Ishavskokk

Ikkje alle kan late 17.mai-feiringa ta heilt overhand på Hopen. Både meteorologidivisjon- en og kjøkenet er i full sving uansett.

**Hopen Times** vitja kjøkenet på Hopen tidleg

på morgonstunda 17.mai. Der hadde Tord W. Korsvik alt vore i sving i fleire timar og skulle akkurat til å legge siste hand på dagens bakverk. "Til middag blir det fylt svinekam" var alt han rakk å sei til oss i eit kjapt intervju før han tørka sveitten og kasta seg i arbeidet igjen.



**Konsertret.** Ikkje alle kan ta seg heilt fri sjølv på nasjonaldagen. Ishavskokken Tord W. Korsvik baka kake for 5. gang til 17.mai på Hopen



## Kaldt lager ramponert

Det blei omgåande sett ned ein kommisjon for å granske dei ikkje ubetydelige skadane på døra til kaldt lageret då desse blei oppdaga.

**Søndag** føremiddag oppdaga den plikttoppfyllande fagarbeider Jørgen Holmberg skadeverket, og han kunne konstanterte at det hadde vore store krefter i sving.

**Knekt og flisa.** Skadene var konsentrert til to stader på døra. Ca 1,5m over bakken var eit bord knekt, og det var nesten hol igjennom døra. Nede ved bakken va døra oppflisa eller oppskrapa av eit uidentifisert objekt.

**Kommisjonen** som var sett saman av stasjonssjef Erik Saue, fagarbeider Jørgen Holmberg og meteorologifullmektig Idar Hersvik starta med ei grundig åstadgranskning. På førehand såg ein på isbjørnen som ein potensiell gjerningsmann. Kommisjonssjef Erik Saue blei då skulda for å ikkje vere objektiv under sakshandsaminga etter følgjande kraftsalve.

"Den helsikens isbjørnen! Søv bikkjene eller?" Dei andre medlemene av granskingskommisjonen meinte at ein ikkje måtte dømme nokon før kommisjonen hadde fullført arbeidet sitt.

**Åstadgranskninga** synte at isbjørnen ikkje kunne ha vore på staden i det aktuelle tidsrom sjølv om den var observert i området kort tid før skadeverket blei gjort.

Tre andre individ gjorde seg der imot bemerkta. Nokre kjettingspor, mange beltespor og ei røys med avtrykk etter eit par stasjonsstøvlar i størrelse 43.

**Henlagt.** Då dette blei oppdag valgte Erik Saue å stogge det vidare arbeidet, og legge saka død. Kvifor ville han ikkje kommenter ovanfor Hopen Times. Anonyme kjelder vil ha det

til at Saue er redd for kva resultat kommisjonen til slutt ville ha komme fram til.

**Hopen Times** spurde fagarbeider Holmberg om ein kommentar til slutt. Han konstanterte uautorisert, på grensa til amatørmessig bruk av stasjonens maskiner der han hovudristande stod og såg på dei djupe spora i døra til kaldt lageret.



**Ødelagt.** Kanskje siste vinter for denne døra.



**Mistenkt.**



**Mistenkt.**



**Frikjent.**

## Skanner på plass

I takt med aukande opplagstal og større krav til produksjon og trykk av Hopen Times, har redaksjonen gått til anskaffelse av ein skanner.

**Rett nok** er det VNN som står for finansieringa, og

krava om utbytte vil nok komme den gong avisa ber seg sjølv økonomisk. Dette vil nok ta ei tid då redaksjonen ikkje har sett nokon veg utanom å auke den noverande teknkarstillinga i avisa frå ein halv prosents stilling, til ein heil prosent. Høyres gjerne ikkje som mykje ut, men for ei avis, enno i etableringsfasen, er dette dramatisk.

**No gjeld** det berre å nytte skanneren på ein god å rasjonell måte, og frå og med dette nr. vil Gamle Hopen bli eit fast innslag. Der vil me leite på veggjar, i skuffer og i skap etter gode blinkskudd frå gamal tid her på Hopen, skanne dei og presentere dei for vore lesarar.



**CanonScan.** Ein stolt redaktør med nyvinninga.

## Hopen – det skjer

**Idol.** Ei uoffisiell undersøking blant besetninga på Hopen syner at Jorun Stiansen er den deltakaren dei har mest tru på i årets Idol konkurranse.



**Snøspurv.** Årets vårteikn.

**Snøspurv.** Eit av årets vårteikn. Snøspurven meskar seg med godt Wasa knekkebrød. Kokk Tord W. Korsvik vil av ukjende årsaker ikkje røpe kor mange knekkebrød ein snøspurv treng kvar dag for at den skal bli god å mett. Men skal ein tolke signala til dei 15-20 fuglane som sit fast i kjøkglasset og ser med lengsel etter Korsvik, så mangla det ikkje verken knekkebrød eller givarglede hjå den mannen.

**Kjentmenn.** To nye kjentmenn denne vinteren. Erik Saue og Idar Hersvik.

**Besetningsbilette.** Til årets besetningsbilette fann ein ut at det var behov for ein profesjonell fotograf til oppdraget. Som kulissar valgte ein eit utflytta bjørnehi, og stemningen var god før helikopteret med fotografen kom til Hopen. Problemet oppstod først då fotografens reisefølge absolutt skulle vere med på mannskapsbilette, og sjølv etter iherdige forsøk greidde ein ikkje å stoppe ho. Stasjonssjef Erik Saue som hadde bestilt fotografen hadde fylgjande kommentar etter fotograferinga. "Det er det verste! På grunn av den ugly bitcha fekk eg fullstendig stiren på kameraet". Dei andre besetningsmedlemene var mindre kritisk til det heile.



**Toppløs.** Årets mannskapsbilette blei litt ekstra kryddra. Godt ingen gjekk i hiet.

**Tyson.** I forbindelse med Velsas løpetid i byrjinga av april, ser det ut som at også Tyson er på veg til å bli mann. Besetninga på Hopen har iallfall ved fleire høver observert Tyson i forsøk på å lette labben når han gjere sit fôrnedene. Og med trening so går det betre.



**Puh.** Hardt å vere mann, endå ein snøskavl.



**Besøk.** Mor og barn på tur.



**Trivelig.** God stemning ved grillen på Hopen.

**Grillparty.** 8. mai blei grillen på Hopen fyra opp for første gong dette året. Alle venta på ein rørende tale frå stasjonssjefen i anledning frigjeringsdagen. Men det vart verken tale om frigjeringa eller gode valkampsaker. Likevel håpar Hopen Times på ein hektisk og intens valgkamp på Hopen utover sommaren, der det blir argumentert hardt både for Blå og Rød/Grøn regjering.

**Binne** med to årsungar helsa på Hopen Times som einaste avis ein april dag. Dessverre ville verken mor eller barn gje nokon kommentar til oss om overvintringa.

## Gamle Hopen

**1970-71.** Det første bilette som blir presentert i Gamle Hopen er mannskapsbilette frå 1970-71. Dei avbilda er som fylgjer. Bjarne Fosmo, Odd Enoksen, Kjell Bugge Nilsen og Bjørnar Pedersen. Den vinteren blei det skote 16 kvotebjørner på Hopen. Ellers kan det nemnast at i november 1970 kom representantar for Norske Fina for å merke og sikre oljerettighetene sine på Hopen og sommaren 1971 starta aktiviteten for fullt. Bjørnen er på veg ut, oljen inn.



**1970-71.** Fire staute kara, ispedd litt frå livet på Hopen

## Hopenstranda

Hopen offentlege badestrand kan melde om fine temperaturar, men enno ikkje så tett mellom gjestane.

**Strandsjuar** og badevakt Idar Hersvik kan fortelje at etter ein hektisk innspurt er omsider Hopenstrada i Husdalen klar til å ta imot årets badegjester.



**Badevakt.** Ein roleg dag på jobben.

**Nokon** har alt starta sesongen for ei god tid tilbake. Mellom anna både kvalross og storkobbe, samt ein og anna isbjørnen. Observert er også nokon få bleike sjeler som har kome ut frå sine skjulestadar for å nyte dei første varmande solstrålar.

**No håpa** ein berre at både lokale innbyggjarar og turistar vil nytte tilbodet.

## Konkurransen

**Alle aviser** med respekt for seg sjølv må ha ei utfordring til sine lesarar. Sidan kryssord ikkje er vår sterke side prøver me med

eit bilete: Kva heite det her? Veit du det kan det hende det blir ein premie om du sender eit svar til Hopen Times.



## Ny Honda snøfres

I løpet av fjorårets vinter kasta den gamle snøfresen på Hopen inn handklede. Etter å ha rydda heli-paden for hand ei tid, fekk omsider stasjonen ny snøfres i forbindelse med mannskapsbyte i desember.

**Påtroppande** fagarbeider Jørgen Holmberg fekk tildelt den gode Honda snøfresen under stoppen hjå VNN i Tromsø. Han la straks si sjel i å få fresen trygt oppover til Hopen, og fulgte den gjennom tjukt og tynt heile vegen. Etter ei veker tid på farten var dei begge omsider på Hopen.

**Hopen Times** sin fres og brøyte sakkynndige har vore ute i felten med Holmberg og testa snøfresen. Og han seier. "Fy flate for ei maskin, sjekk den designen" og han falt spesielt for ICS-funksjonen. "Med ICS-funksjonen var det berre å gje fjøla bortetter bøen! Pina deg nett som å slå på ein autopilot". Holmberg sjølv er meir moderat i sine uttalelesar, men er tydeleg nøgd med maskina. ICS-funksjonen styre intelligensen til vedkommande som køyrer snøfresen.

**Honda Snowblower** HS1180i har det ein kan tenkje seg av utstyr. Hydrostatisk framdrift og dermed trinnullaus hastighetsregulering både fram- og bakover. Vidare kan ein styre kasteren, og

godt køyrelys er montert. Ein må heller ikkje gløyme den alt omtalte ICS-funksjonen. Men ein kan sjølvstyre fres og aggregat heilt manuelt etter eige hovud om ein beherska det. Med litt trening går det greitt seier Holmberg. På spørsmål om kor mange

meter kabel snøfresen har køyrt igjennom til no, blir han merkeleg stille. Vi legg den saka død, og spør heller om fresen har vore mykje brukt i vinter. Det blir bekrefta, mange timar med problemfri drift, og den har vore til god hjelp for å halde heli-pad og stasjon snøfri.



**Velbrukt.** "Hondaen har vore til god hjelp i vinter", seier ein nøgd Jørgen Holmberg.



**Dagens varsel for**

**Koefoedodden, Hopen Meteo/Radio og Johan Hjortfjellet:**  
Bris av skiftende retning. For det meste oppholdssvær og sol. Stadvis skya og fare for spredt snø om ettermiddagen.

**Fiskefeltene utenfor Nord-Spitsbergen:**

Nordvestlig liten kuling. Spredt snø.

**Langtidsvarsel for**


**Hopen sør for Beisaren:** Torsdag for det meste opphald og godt vær. Spredt snø i fjella. Fredag sol og oppholdsvær på føremiddagen. Ettermiddag/kveld særlig liten kuling, tilskyande og snø i fjella. Laurdag/søndag. Skiftande bris, opphald og god sikt først i perioden, østlig kuling og tett snø søndag ettermiddag.

**Pollenvarsel**

**Husdalen:** Minimal pollenspredning i den kommande perioden.

**Temperaturer siste 30 døgn:**

Minimumstemperatur	-14,5
Maksimumstemperatur	2,7
Gjennomsnittstemperatur	-8,6



## Vinterbesetninga



**Mett.** Mett besetning, f.v. Jørgen Holmberg, Tord W. Korsvik, Idar Hersvik og Erik Saue.

Vinteren 04/05 har det totalt vore fem mann innom Hopen Meteorologiske Stasjon.

**8. desember** var omsider alle som skulle feire jul på Hopen på plass. Rune Skoglund hadde reist oppover ei tid før, og fungerte som stasjonssjef til han blei avløyst av Erik

Saue i midten av februar. Tord W. Korsvik har vore kokk for 5. gong på Hopen. Jørgen Holmberg og Idar Hersvik er førstereiskarar, henholdsvis som fagarbeider og meteorologifullmektig.



**Trøtt.** Ein vanlegvis opplagt Rune Skoglund

## Vekas tips

### Når veden er våt:

**I løpet av vinteren** har redaktøren i Hopen Times med fleire komme i kalde situasjoner då veden ein skulle fyre opp med på hyttene har vore fuktig og full av snø. Når parafindunken er tom og neveren opp brent, er ikkje gode råd dyre. Dei er faktisk fráverande, men eit har eg kome fram til: Piss iallfall ikkje på balet.

**Problemet** har til tider vore så stort at Hopen Times har henta inn eksperttips frå to gamle ringrevar innan dette fagområdet. Over ein kopp kaffi kom dei fram til denne lista for å få god fyr raskt i ein kald hytteovn. Gjer fylgjande:

1. Sjekk ovn og ovnsrør.
2. Tøm ovn for aske
3. Legg inn på litt småved/kveik-sle. Ikkje bruk våte råtestokka.
4. Dynk med parafin og la det trekke.
5. Tenn på! Vent. Ikkje full fyr?
6. Legg deg ned å be!



**Dårlig trekk.** Idar Hersvik slite med å få fyr i ovnen. Vesla prøve å hjelpe så godt ho kan.